



## LEIKANGER KOMMUNE

# STRATEGIPLAN FOR BRUK AV SMIL – OG NMSK - MIDLAR 2017 – 2020

### Bakgrunn

Kommunane får tildelt SMIL – midlar (tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket) og NMSK – midlar (tilskot til miljøtiltak i skogbruket) frå staten. Kommunane skal på bakgrunn av strategiplanen fordele desse midlane. Bruken av midlane vert styrt gjennom forskrifter fastsette av Landbruksdepartementet:

- **Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket**
- **Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket**

I forskriftene er det oversyn over kva tiltak det kan gjevast støtte til. Innafor desse rammene prioriterer kommunen fordeling og bruken av midlane.

**Søknadsfrist for SMIL – og NMSK – midlar vert sett til 10. mai 2017 og vert bestemt administrativt seinare år.**

Utfordringar i Leikanger :

Det har vore vesentleg endring i arealbruken i Leikanger. Mange bruk har gått frå allsidig til spesialisert produksjon. Mange bruk har ikkje lenger husdyr og areala som er lite egna for fruktproduksjon fordi det er bratt, høgt over havet m.m. og beiteareal vert liggande unytta. Det er mykje leigeareal, - men det er likevel ein del areal som ikkje har vore nytta på nokre år.

Det er og mykje jordbruksareal i Leikanger som er svært bratt og som er sårbart i høve auka nedbørsmengder og styrtregn. Det gjeld både erosjon frå jordbruksareala og driftsveggar som vert øydelagde ved bruk av maskinar i svært våte periodar. Det er difor ynskjeleg å gjere tiltak for raskt å samle opp nedbør og leie det utanom jordbruksareal og driftsveggar. Kanalar, avskjeringsgrøfter og bekker /elvefar må vere robuste og godt dimensjonerte i høve auka nedbørsmengder og auka fart på vatnet.

I Leikanger har det vore mykje hogst før og i etterkant av uveret «Dagmar». Dette har og ført til planting og trong for planting og etterarbeid. Det er serleg i området Henja / Heggdalene det er trong for planting og etterarbeid.

Det er elles store skogområder aust for Grindsdalen med hogstmoden skog. Det er viktig å legge til rette for hogst i desse områda.

### **SMIL - midlar**

Føremålet med tilskota til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur – og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og å redusere ureining frå jordbruket utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

Tilskot kan gjevast til føretak som oppfyller krava i produksjonstilskotsforskrifta til å motta tilskot og til personar som eig landbrukseigedom, har eit registrert føretak og har ein eigedom som er i drift t.d. ved bortleige.

Leikanger kommune vil i hovudsak gje tilskot til kulturlandskap, bygningar og hydrotekniske tiltak.

Omlag 2 /3 av tildelte midlar skal gå til bygningar og resten til andre tiltak.

Alle søknader må knytast til konkrete tiltak med detaljerte kostnadsoverslag. Kart, teikningar og bilete må leggest fram. For hydrotekniske tiltak må det leggest fram planar som syner kvar det skal gjerast tiltak og dimensjonering av tiltaket, slik at vatnet vert rett kanalisert og ikkje medfører skade andre stader. Tiltaket gjeld m.a. stikkrenner, kanaler, elvefar m.v.

### **Kommunen prioriterar :**

Opning og skjøtsel av kulturlandskap.

Restaurering av bygningar

Hydrotekniske tiltak

### **NMSK- midlar**

Strategien er utforma på grunnlag av *Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.*

Føremålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut frå lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket. Samstundes skal miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne verte tekne vare på og vidareutvikla.

Det kan gjevast tilskot til skogeigarar som har gjennomført hogst dei siste åra. I denne 4- års- perioden vil ein prioritera skogeigarar som har gjennomført hogst på **Henja / Heggdalene**.

Det skal plantast eller foryngast med ein plan etter hogst. Tilskot kan gjevast med maks 50% til planting. Det kan gjevast tilskot til planting og markarbeid. På dei fleste hogstflatene er det trong for ymse etterarbeid.

Det kan gjevast tilskot til etterarbeid, mekanisk skogkultur, avstandsregulering og stammekvisting.

Tilskot til skogkultur kan gjevast med 50% opptil kostnad kr. 600,- pr. da (dvs. maks kr. 300,- pr. da ).

Tiltaka må omfatte minst 5da. Om ein ikkje ynskjer å plante gran, må ein ha ein alternativ foryngingsplan. For å få starte ein alternativ foryngingsplan med for eksempel lauvskogfelt, er det krav om at skogeigar tek kurs i lauvskogskjøtsel, og at det leggjast ein skjøtselsplan med skogetaten.

Det kan ved hogst gjevast tilskot til drift i vanskeleg terreng med taubane eller hest. Søknad om tilskot må sendast til kommunen 6 veker før oppstart av hogsten.